

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>04.11.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkeskommunen sine rådgjevarar frå Advokatfirmaet Wiersholm og DHT orienterte fylkesutvalet frå kl. 11.00 til kl. 13.25 om status i Fjord1-saka i lukka møte, jf. kommunelova § 31 nr. 2. Presentasjonen til rådgjevarane er arkivert i fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet i lukka møte, jf. kommunelova § 31 nr. 4, om status i sak om politietterforsking mot ein tidlegare tilsett.

## **SAK 105/15 Møteplan 2016**

### **VEDTAK:**

#### **FYLKESTINGET:**

Tysdag	19. april *
Tysdag/onsdag	14. og 15. juni
Tysdag	18. oktober
Tysdag/onsdag	6. og 7. desember

\*Møte i fylkestinget dersom nok saker

Fylkesordføreren får fullmakt til å vedta kvar fylkestinga skal haldast.

#### **FYLKESUTVALET:**

Onsdag	27. januar
Onsdag	2. mars
Onsdag	13. april
Måndag	18. april
Onsdag	4. mai
Onsdag	1. juni
Måndag	13. juni
Onsdag	22. juni
Onsdag	24. august
Onsdag	28. september
Måndag	17. oktober
Onsdag	2. november
Onsdag	23. november
Måndag	5. desember
Onsdag	7. desember

I samband med møta i fylkesutvalet kan det også bli møte i finansutvalet og/eller planutvalet.

#### **FINANSUTVALET:**

Følgjande dagar vert førebels reserverte for møte i finansutvalet:

Onsdag	2. mars
Onsdag	4. mai
Onsdag	28. september
Måndag	17. oktober
Onsdag	2. november

#### **LIKESTILLINGSUTVALET:**

Onsdag	1. juni
Onsdag	23. november

#### **DRØFTINGSMØTE MED FYLKESUTVALET, FYLKESHOVUDSTILLITVALDE, FYLKESHOVUDVERNEOMBODET OG HOVUDSAMARBEIDSUTVALET:**

Onsdag 22. juni  
Onsdag 23. november

**POLITIKARDAGAR:**

Måndag 11. april\*\*  
Torsdag/ Måndag 12. \*\* og 30. mai  
Måndag 26. september  
Måndag 21. november

\*\* eventuell opplæring for medlemmane i fylkestinget

**DAGAR FOR FELLES MØTE I HOVUDUTVALA:**

Tysdag 12. april  
Torsdag/Tysdag 12. og 31. mai  
Tysdag 27. september  
Tysdag 22. november

**MØTE MED STORTINGSREPRESENTANTANE, FYLKESMANNEN, INNOVASJON NORGE, NHO OG HØGSKULEN:**

Måndag 1. februar  
Måndag 23. mai  
Måndag 24. oktober

-----  
**SAK 106/15 Sal av festetomt - gbnr 43/88 i Eid kommune**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner at tidlegare barnehagetomt ved Nordfjardeid sjukehus vert overdregen til Eid kommune for 0,3 mill. kr.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.
3. Salssummen vert nytta til nedbetaling av gjeld.

-----  
**SAK 107/15 Høyring - forslag til endringer i plandelen av plan- og bygningslova - fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til vedtaksframlegg frå KS og gjev slik uttale til framlegg til endringar i plan- og bygningslova:

1. Fylkeskommunen er positiv til ambisjonane om forenklingar i plan- og bygningslova og støttar i hovudsak endringane i lova som gjev kommunane auka fleksibilitet og meir effektiv ressursbruk, men går i mot framlegg som kan svekke lokalt planmynde og handlingsrom.
2. Fylkeskommunen er positiv til å styrke «oppstartsmøtet» som ein avklarande arena og støtter framlegg om at kommunen skal kunne ta avgjerd om at planinitiativet ikkje skal først vidare i samband med oppstartsmøtet.
3. Fylkeskommunen meiner at kommunane framleis skal ha rett til å vedta kva for planframlegg dei skal legge ut til offentlig ettersyn, og går i mot framlegg om at dei må sende alle private planframlegg på høyring og legge dei ut til offentlig ettersyn.
4. Fylkeskommunen meiner at dersom kommunane gjennom lov vert pålagt snarast, og seinast innan 6 veker å sende private planframlegg på høyring og legge dei ut til offentlig ettersyn, vil det klart svekke kvaliteten på sakshandsaminga. Gjeldande ordning bør vidareførast.
5. Fylkeskommunen er positiv til enklare reglar for å heva ein plan, men er skeptisk til framlegga om å forenkle arbeidet med å gjere endringar i vedtekne planar, av di dette kan svekke at reguleringsplanar skal være føreseielege, noko som vil svekke interessene til ålmenta.
6. Fylkeskommunen er skeptisk til lovteksten som gjeld endring av dispensasjonsreglane. Vurderinga til fylkeskommunen er at lovteksten kan bli oppfatta som at det er kommunen som må argumentere for kvifor dispensasjon ikkje vert gitt. Fylkeskommunen ser dette som ei prinsipiell speglvending av ansvar – både i vedtak og grunngjeving.
7. Fylkeskommunen meiner områderegulering framleis skal være ein kommunal plantype og at det er problematisk å ta gebyr når plantypen vert utarbeidd saman med private. Fylkeskommunen er positiv til at grunneigar kan dekke utgreiingskostnader for områdereguleringar.
8. Fylkeskommunen støttar framlegget om at ordninga med sentral godkjenning av regionale planstrategiar vert oppheva.
10. Fylkeskommunen støttar framlegg om å forenkle krav til rullering av handlingsprogram for regionale planar.
11. Fylkeskommunen går i mot framlegg om 12-vekers frist for nedlegging av midlertidig forbod mot bygging.
12. Fylkeskommunen støttar framlegg om ein frivillig sentral ordning for godkjenning av verksemder som utarbeider private planframlegg.

**Endringsframlegg:**

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet støttar forslaget til endringar til plandelen av plan- og bygningslova slik det ligg føre frå departementet

**Avrøysting:**

Bjørn Erik Hollevik røysta for forslaget frå Høgre.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen, Gunhild Berge Stang, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta for framlegget frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til vedtaksframlegg frå KS og gjev slik uttale til framlegg til endringar i plan- og bygningslova:

1. Fylkeskommunen er positiv til ambisjonane om forenklingar i plan- og bygningslova og støttar i hovudsak endringane i lova som gjev kommunane auka fleksibilitet og meir effektiv ressursbruk, men går i mot framlegg som kan svekke lokalt planmynde og handlingsrom.
2. Fylkeskommunen er positiv til å styrke «oppstartsmøtet» som ein avklarande arena og støtter framlegg om at kommunen skal kunne ta avgjerd om at planinitiativet ikkje skal først vidare i samband med oppstartsmøtet.
3. Fylkeskommunen meiner at kommunane framleis skal ha rett til å vedta kva for planframlegg dei skal legge ut til offentlig ettersyn, og går i mot framlegg om at dei må sende alle private planframlegg på høyring og legge dei ut til offentlig ettersyn.
4. Fylkeskommunen meiner at dersom kommunane gjennom lov vert pålagt snarast, og seinast innan 6 veker å sende private planframlegg på høyring og legge dei ut til offentlig ettersyn, vil det klart svekke kvaliteten på sakshandsaminga. Gjeldande ordning bør vidareførast.
5. Fylkeskommunen er positiv til enklare reglar for å heva ein plan, men er skeptisk til framlegga om å forenkle arbeidet med å gjere endringar i vedtekne planar, av di dette kan svekke at reguleringsplanar skal være føreseielege, noko som vil svekke interessene til ålmenta.
6. Fylkeskommunen er skeptisk til lovteksten som gjeld endring av dispensasjonsreglane. Vurderinga til fylkeskommunen er at lovteksten kan bli oppfatta som at det er kommunen som må argumentere for kvifor dispensasjon ikkje vert gitt. Fylkeskommunen ser dette som ei prinsipiell speglending av ansvar – både i vedtak og grunngjeving.
7. Fylkeskommunen meiner områderegulering framleis skal være ein kommunal plantype og at det er problematisk å ta gebyr når plantypen vert utarbeidd saman med private. Fylkeskommunen er positiv til at grunneigar kan dekke utgreiingskostnader for områdereguleringar.
8. Fylkeskommunen støttar framlegget om at ordninga med sentral godkjenning av regionale planstrategiar vert oppheva.
10. Fylkeskommunen støttar framlegg om å forenkle krav til rullering av handlingsprogram for regionale planar.
11. Fylkeskommunen går i mot framlegg om 12-vekers frist for nedlegging av midlertidig forbod mot bygging.
12. Fylkeskommunen støttar framlegg om ein frivillig sentral ordning for godkjenning av verksemder som utarbeider private planframlegg.

---

## **SAK 108/15 Omklassifisering fylkesveg til riksveg**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Det har vore ein generell trafikkvekst på vegnettet i Sogn og Fjordane i perioden 2010-2014. Hovudtyngda av veksten har kome på dagens riksvegnett og regionale hovudvegar (fylkesvegar) rundt dei største kommunane i fylket. Denne veksten tilseier likevel ikkje at det er fylkesvegar som er aktuelle for omklassifisering til riksveg.
- 2 Med utgangspunkt i dei kriteria som skal leggest til grunn, er det ikkje fylkesvegar i Sogn og Fjordane som er aktuelle for omklassifisering til riksveg.

- 3 Dersom det er ønskjeleg å auke innsatsen meir på "større vegar med sterke næringsinteresser", meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det vil vere meir naturleg å auke dei statlege rammeoverføringar til fylkeskommunane ytterlegare. Det er vanskeleg å sjå at endra eigarskap på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil endre innsatsen på vegane.
- 4 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet bør vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.

#### **Endringsframlegg:**

Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner det er vanskeleg å gje klare råd om kva vegar som kan omklassifiserast til riksveg så lenge ikkje konsekvensane for brukarane eller dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommuna går klart frem.
2. Kystvegen mellom Bergen og Ålesund som skal gå gjennom tre fylker, kan vere ei aktuell vegstrekning, men FU i Sogn og Fjordane vil ikkje på nokon måte akseptere at den blir nedprioritert ved å bli overført til riksveg. Planleggingsarbeidet på denne vegen er allereie i gong, og ein omklassifisering vil medføre at den først skal prioriterast inn i NTP som KVVU. Ved førre innmelding til NTP hadde Sogn og Fjordane rikeleg med riksvegar dei ønskjer prioritert. FU merker seg også at det i dag er utfordrane å få nok midlar til riksvegar i Sogn og Fjordane (m.a. E39). Målet med ei eventuell omklassifisering må vere å få realisert og prioritert kystvegen snarast råd. Fu meiner den enklaste, billigaste og ikkje minst raskaste løysinga då, vil vere å overføre øymerka midler direkte til fylka slik at framdrifta ikkje stopper opp.
3. Dersom det er ønskjeleg å auke innsatsen meir på "større vegar med sterke næringsinteresser", meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det vil vere meir naturleg å auke dei statlege rammeoverføringar til fylkeskommunane ytterlegare. Det er vanskeleg å sjå at endra eigarskap på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil endre innsatsen på vegane.
4. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet bør vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.

Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner at det er svært viktig for framtidig utvikling og verdiskaping langs kysten at Kystvegen Ålesund-Bergen vert omklassifisert til riksveg. Fleire analysar frå 90-talet og fram til i dag har synt eit stort vekstpotensiale ved å knyte kysten saman med god infrastruktur. Kystvegen Ålesund-Bergen krysser 3 fylkesgrenser og knyt saman heile 5 stamnetthamner. I tillegg vil Kystvegen knytte saman fleire nye bu- og arbeidsområder langs kysten, både i Sogn og Fjordane, og over fylkesgrensene. Fylkesutvalet vil og peike på dei sterke næringsinteressene knytt til sambinding av områder rundt, og mellom, Ulstein-regionen, Mongstad-regionen og Florø-Måløy. Det finnst ikkje i dag økonomisk handlingsrom for Sogn og Fjordane Fylkeskommune til å gjennomføre dei investeringane som skal til for å realisere Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane, difor vil ei omklassifisering til riksveg være den beste måten å realisere prosjektet på.
2. Fylkesutvalet vil peike på at, i den prosessen ein er inne i, med region- og kommunereform, så vil det ikkje være hensiktsmessig å gjere store endringar i eigarskapen til vegnettet no. Fylkesutvalet vil likevel peike på at Kystvegen er i ei særstilling med tanke på utviklings- og verdiskapingspotensiale, og at realisering av denne bør skje snarast råd. Om Kystvegen vert omklassifisert til riksveg, må det liggje ein klar føresetnad til grunn om at ein og løyver statlege midlar til realisering av prosjektet i samband med handsaminga av Nasjonal Transportplan.

**Avrøysting:**

Bjørn Erik Hollevik og Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Høgre og Venstre.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet meiner det er vanskeleg å gje klåre råd om kva vegar som kan omklassifiserast til riksveg så lenge ikkje konsekvensane for brukarane eller dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommuna går klårt frem.
2. Kystvegen mellom Bergen og Ålesund som skal gå gjennom tre fylker, kan vere ei aktuell vegstrekning, men FU i Sogn og Fjordane vil ikkje på nokon måte akseptere at den blir nedprioritert ved å bli overført til riksveg. Planleggingsarbeidet på denne vegen er allereie i gong, og ein omklassifisering vil medføre at den først skal prioriterast inn i NTP som KVVU. Ved førre innmelding til NTP hadde Sogn og Fjordane rikeleg med riksvegar dei ønskjer prioritert. FU merker seg også at det i dag er utfordrande å få nok midlar til riksvegar i Sogn og Fjordane (m.a. E39). Målet med ei eventuell omklassifisering må vere å få realisert og prioritert kystvegen snarast råd. Fu meiner den enklaste, billigaste og ikkje minst raskaste løysinga då, vil vere å overføre øyremerka midler direkte til fylka slik at framdrifta ikkje stopper opp.
3. Dersom det er ønskjeleg å auke innsatsen meir på "større vegar med sterke næringsinteresser", meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det vil vere meir naturleg å auke dei statlege rammeoverføringar til fylkeskommunane ytterlegare. Det er vanskeleg å sjå at endra eigarskap på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil endre innsatsen på vegane.
4. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet bør vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.

**SAK 109/15 Val av medlemmer til nemnder o.a. - valperioden 2015 - 2019**

**Endringsframlegg:**

NASJONAL RASSIKRINGSGRUPPE:

Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til varamedlem  
Varamedlem: Arnstein Menes (Sp)

Høgre sette fram slikt framlegg til varamedlem:

Varamedlem: Noralv Distad (H)

**Avrøysting:**

NASJONAL RASSIKRINGSGRUPPE:

Bjørn Erik Hollevik og Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Høgre.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti.

Resterande val av medlemmer til nemnder o.a for valperioden 2015-2019 vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

STYRET FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Medlem frå næringslivet: Wenche Eldegard  
Varamedlem: Agnar Hellenes

Medlem frå næringslivet: Bjørn Hollevik  
Varamedlem: Anne van Oorschot

Medlem frå hovudutvalet for opplæring: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)  
Varamedlem: Karianne Torvanger (Ap)

Medlem frå hovudutvalet for næring og kultur: Hilmar Høl (Ap)  
Varamedlem: Aleksander Øren Heen (Sp)

Medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen: Jan Heggheim  
Varamedlem: Rolf Årdal

Som leiar vert vald: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)  
Som nestleiar vert vald: Hilmar Høl (Ap)

FAGOPPLÆRINGSNEMNDA

Fylkesutvalet syner til innspel frå NHO og LO om ny organisering av Fagopplæringsnemnda.  
Valet vert utsett til eventuell ny organisering er vurdert.

FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE:

Medlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)  
Varamedlem: Gunn Karin Sande (Sp)

Medlem: Odd Atle Stegegjerdet (Ap)  
Varamedlem: Beate Bondevik Lie (KrF)

Medlem: Wenche Røkenes (FFO)  
Varamedlem: Anita Æsøy (FFO)

Medlem: Magnus Strand (FFO)  
Varamedlem: Geir Liavåg Strand (FFO)

Medlem: Bente Underthun (SAFO)  
Varamedlem: Eldbjørg Lie (SAFO)

Som leiar vert vald: Erlend Haugen Herstad (Sp)  
Som nestleiar vert vald: Odd Atle Stegegjerdet (Ap)

FYLKESRÅDET FOR ELDRE:

Medlem: Henrik Oppen (Ap)  
Varamedlem: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Medlem: Anna Sofia Skaar (Pensjonistlaget)  
Varamedlem: Kolbjørn Kastet (Pensjonistlaget)

Medlem: Harald Ekroll (Postpensjonistane)  
Varamedlem: Arne Rognaldsen (Postpensjonistane)



Medlem: Kristoffer Skjolden (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)  
Varamedlem: Astrid Martinsen (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Medlem: Aud Karin Neteland (Utdanningsforbundet)  
Varamedlem: Per-Atle Holmøyvik (Utdanningsforbundet)

Rådet konstituerer seg sjølv.

STAMVEGUTVALET E16:

Representant: Åshild Kjelsnes (Ap)  
Vararepresentant: Arnstein Menes (Sp)

STAMVEGUTVALET E39:

Representant: Jenny Følling (Sp)  
Vararepresentant: Åshild Kjelsnes (Ap)

SAMARBEIDANDE KRAFTFYLKE:

Utsending til årsmøtet: Fylkesordføreren  
Vararepresentant: Fylkesvaraordføreren

Ca. tre representantar til årsmøtekonferanse:  
Representant: Aleksander Øren Heen (Sp)  
Representant: Åshild Kjelsnes (Ap)  
Representant: Noralv Distad (H)

Framlegg på styremedlemer:  
Kandidat: Sigurd Reksnes (Sp)  
Kandidat: Åshild Kjelsnes (Ap)

DISTRIKTSPROGRAMRÅDET:

Medlem: Karoline Bjerkeset (Sp)  
Varamedlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)

Medlem: Monica Oppedal (Ap)  
Varamedlem: Torbjørn Vereide (Ap)

Medlem: Tore Storehaug (KrF)  
Varamedlem: Bjørn Harald Haugsvær (KrF)

Medlem: Magne Årdal (SV)  
Varamedlem: Eldrid Skudal (SV)

Medlem: Ingvar Myrvollen (H)  
Varamedlem: Daniel Gangeskar (V)

Som leiar vert vald: Monica Oppedal (Ap)  
Som nestleiar vert vald: Karoline Bjerkeset (Sp)

VALMØTA I KLP:

Representant: Fylkesordføreren  
Vararepresentant: Fylkesvaraordføreren

NASJONAL RASSIKRINGSGRUPPE:

Medlem: Åshild Kjelsnes (Ap)  
Varamedlem: Arnstein Menes (Sp)

VASSREGIONUTVALET:

Leiar: Anders Ryssdal (Sp)  
Nestleiar: Helen Hjertaas (Ap)

Varamedlemer i rekkjefølgje:

1. varamedlem: Anne Kristin Lilleaasen (H)
2. varamedlem: Stein Faleide Malkenes (MDG)

VERDSARVRÅDET FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP OG STIFTINGA NÆRØYFJORDEN  
VERDSARVPARK:

**Verdsarvrådet:**

Representant: Åshild Kjelsnes (Ap)  
Vararepresentant: Aleksander Øren Heen (Sp)

**Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark:**

Styremedlem: Åshild Kjelsnes (Ap)  
Varamedlem: Aleksander Øren Heen (Sp)

STIFTINGA RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE - RÅDET:

Representant: Leiar i hovudutvalet for opplæring (Karianne Torvanger (Ap))  
Vararepresentant: Nestleiar i hovudutvalet for opplæring (Alfred Bjørlo (V))

ROVVILTNEMNDA FOR REGION 1:

Kandidat: Aleksander Øren Heen (Sp)  
Kandidat: Helen Hjertaas (Ap)  
Kandidat: Trude Brosvik (KrF)  
Kandidat: Bjørn Erik Hollevik (H)

FORSTANDARSKAPEN FOR SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE:

**Nordfjord:**

Medlem: Karoline Bjerkeset (Sp)  
Varamedlem: Olaug Solheim Rotihaug (Ap)

**Sunnfjord:**

Medlem: Harald Bjarte Reite (Ap)  
Varamedlem: Sjur Hage (Sp)

**Sogn:**

Medlem: Kari Maria Rutle Fjærestad (Ap)  
Varamedlem: Arve Mjømen (H)

IVAR TORKILDSSENS LEGAT – TILDELINGSUTVALET:

Medlem: Gunn Sande (Sp)  
Medlem: Torbjørn Vereide (Ap)

STYRET I SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP:

Medlem: Ole Johnny Stubhaug (Sp)  
Varamedlem: Odd Atle Stegegjerdet (Ap)

INNSTILLING AV MEDLEMER TIL VERNEOMRÅDESTYRA:

**Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia - Storebotnen landskapsvernområde og naturreservata Bleia, Grånosmyrane og Nordheimsdalen:**

Kandidat: Gro Starheimsæter (Sp)  
Kandidat: Hilmar Høl (Ap)

**Stølsheimen landskapsvernområde:**

Kandidat: Henrik Oppen (Ap)  
Kandidat: Karen Marie Hjelmeseter (Sp)

**Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:**

Kandidat: Erlend Haugen Herstad (Sp)  
Kandidat: Gunhild Berge Stang (V)

**Ålfotbreen landskapsvernområde:**

Kandidat: Harald Bjarte Reite (Ap)  
Kandidat: Målfrid Steindal (Sp)

**Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:**

Kandidat: Aleksander Øren Heen (Sp)  
Kandidat: Beate Bondevik Lie (KrF)

**Hallingskarvet Nasjonalpark:**

Kandidat: Senea Sabanovic (Ap)  
Kandidat: Aleksander Øren Heen (Sp)

**Jostedalsbreen Nasjonalpark:**

Kandidat: Karen Marie Hjelmeseter (Sp)  
Kandidat: Odd Atle Stegegjerdet (Ap)

**Verneområda knytt til verneplan for Breheimen:**

Kandidat: Per Kjøllesdal (Sp)  
Kandidat: Marianne Øren (V)

UTSENDINGAR TIL GENERALFORSAMLINGAR:

*(Generell hovudregel: Fylkesordføraren er utsending til generalforsamling med fylkesvaraordføraren som vara. Der det er naturleg at hovudutval representerer, er utvalsleiar utsending med nestleiar som vara. Ved administrativ utsending til generalforsamling er utgangspunktet at fylkesrådmann er utsending med assisterande rådmann som varautsending, evt. fylkesdirektør som utsending med assisterande fylkesdirektør der dette er naturleg. Det er gjort unntak for utsendingar til arbeidsmarknadsbedriftene. I alle desse vala (med unntak av arbeidsmarknadsbedriftene) er det verv / posisjon / stilling som vert vald – ikkje «person»).*

F1 Holding AS:

Utsending: Fylkesrådmann  
Varautsending: Assisterande fylkesrådmann

Firda Billag AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Sogn og Fjordane Energi AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Sogn og Fjordane Holding AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Botnaneset Industriselskap AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Fjord Invest Såkorn AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Fjord Norge AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Gulen og Masfjorden Utvikling AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Innovasjon Norge AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS:

Utsending: Leiar i hovudutval for næring og kultur  
Varautsending: Nestleiar i hovudutval for næring og kultur

Lutelandet utvikling AS:

Utsending: Fylkesordfører  
Varautsending: Fylkesvaraordfører

Njøs Næringsutvikling AS:

Utsending: Fylkesrådmann  
Varautsending: Assisterande fylkesrådmann

Opplæringsfartøy AS:

Utsending: Leiar i hovudutval for opplæring  
Varautsending: Nestleiar i hovudutval for opplæring

Interoperabilitetstjenester AS:

Utsending: Fylkesrådmann  
Varautsending: Assisterande fylkesrådmann

Norsk Fjordhestsenter AS:

Utsending: Fylkesdirektør for næring og kultur  
Varautsending: Assisterande fylkesdirektør for næring og kultur

Sogn og Fjordane Teater L/L:

Utsending: Leiar i hovudutval for næring og kultur  
Varautsending: Nestleiar i hovudutval for næring og kultur

Mentro AS:

Utsending: Harald Bjarte Reite (Ap)  
Varautsending: Gunhild Berge Stang (V)

Origod AS:

Utsending: Karianne Torvanger (Ap)  
Varautsending: Bjørn Erik Hollevik (H)

In Via AS:

Utsending: Sigurd Reksnes (Sp)  
Varautsending: Alfred Bjørlo (V)

Sogneprodukt AS:

Utsending: Aleksander Øren Heen (Sp)  
Varautsending: Anne Kristin Lilleaasen (H)

STYRET I F1 HOLDING AS:

Medlem: Jan Øhlckers

STYRET I FJORD1 AS:

Saka vert utsett til eigarskapssaka i Fjord1 er avklara.

STYRET I SOGN OG FJORDANE HOLDING AS:

Fylkesutvalet ber om å få framlagt ei sak der Sogn og Fjordane Holding AS vert organisert på tilsvarande måte som F1 Holding AS.

STYRET I SOGN OG FJORDANE ENERGI AS:

Styreleiar: Per Atle Kjøllesdal (Sp)  
Varamedlem: Sigurd Reksnes (Sp)

Medlem: Arvid Lillehaug (Ap)  
Varamedlem: Hilmar Høl (Ap)

Medlem: Olin Johanne Henden (H)

Varamedlem: Hogne Bleie (FrP)

SUPPLERINGVAL TIL KS FYLKESMØTE, JF. FT-SAK 43/15:

- a) Gunn Åmdal Mongstad og Per Atle Kjøllesdal får fritak frå verv som utsending og vara utsending til KS sitt fylkesmøte.
- b) Anders Ryssdal vert vald som ny utsending i staden for Gunn Åmdal Mongstad.
- c) Det vert opprykk på varamannslista og vidare supplert med Gro Starheimsæter som ny 5. vara og Målfrid Steindal som ny 6. vara.

-----

**SAK 110/15 Skriv og meldingar fylkesutvalet 4. november 2015**

**Følgjande skriv og orienteringar vart handsama:**

- 1a: Møte med KS om hovedtemaet på Kommunalpolitisk toppmøte og Landstinget 2016
- 1b: Grunnlagsdokumentet «Fra utenforskap til inkludering»

**VEDTAK:** Fylkesutvalet ynskjer møte med KS i samband med fylkesutvalsmøtet 25. november 2015.

2: Sentraladministrasjonen - organisasjonsendringar

3: Opplæring for folkevalde 2015-2019

4a og b: Retningslinjer for gjennomføring av undersøkingsplikta og budsjettering av arkeologiske registreringar

-----